

## Aktivitetsplan 2010

Dato	Arrangement	Komite
20. mars	Dugnad Gravdal	Prosjektgruppa
23. mars	Årsmøte	Styret
17. mai	Nasjonaldag	Styret /musikkutval
28. til 30. mai	Blåtur med speling	Johan, John Inge, Roar Ståle Erling
12. juni	Opning Gravdal skule	Prosjektgruppa
8. til 12. sep	Utanlandstur	Johan, John Inge, Roar Ståle Erling
23. okt	Heim i haust	Styret
24. okt	Basar	Styret
5. til 7. nov	Øvingshelg	Styret
19. des.	Julekonsert	Styret
28. des	Juletreffest	Styret
8. jan	Nyttårskonsert	Komite
14. til 16. jan	Gruppeøvingshelg	Styret
28. til 30. jan	Øvingshelg	Syret
4. til 7. feb	NM-helg	Styret

## Årsmøte 2010



**Tirsdag 23. mars 2010 klokka 20.30**

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Torskangerpoll Musikklag i Frelsesarmeen - Måløy. Det blir behandla ordinære årsmøtesaker som valg, rekneskap, budsjett og innkomne saker.

Dei som ikkje har fått årsmeldinga kan kontakte Johan Wåge.

Betalende aktive medlemmer har stemmerett.

Helsing styret i Torskangerpoll Musikklag

**BÅTBYGG**

6	4		1	9	5	3	7	
1		2		8	4	9	6	5
5	9	7	6		3	8	4	
4		6	8	1	9	5	3	7
7	1	5	4		2	6	8	9
3	8	9	5	7	6	1		4
	5	3	9		7	4	1	8
9	7	1	3	4		2		6
	6	4	2	5	1		9	3

**S  
u  
d  
o  
k  
u**

	2	5	4	6	1	8	9	
4	9	3	8	2		7	1	
8	6	1	3	9		5	4	2
	3	8		4	2	1	6	5
6	7	4		1		2	3	9
1	5	2	6	3		4	8	
3	1	7		8	6	9	5	4
	8	6		5	4	3	7	1
	4	9	1	7	3	6	2	

# Vredens Gnag

TpM 90 år



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Pr. 3

17. årgang

Laussal: Gratis

Mars 2010

## Jubileumsår og årsmøte



**Mars er jubileumsmånad og årsmøtemånad.**

4. mars 1920 er den offisielle skipingsdatoen til Torskangerpoll Musikklag. Og det er greitt å minne om at årsmøtedag i år er tysdag 23. mars kl 20.30. Årsmeldinga for 2010 vil bli tilgjengeleg på våre nettsider etter årsmøtet.

Bildet er frå promoteringa av ein av dei første stormfestivalane. Torskangerpoll Musikklag vil ynskje alle ei god påske.

[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)

# Torskangerpoll Musikkla er 90 år i 2010



## Glimt frå minneboka:

Heilårsøving frå 1963. Storparten av TPM sine korpsmedlemmane i tidlegare tider var fiskarar, og det var difor mange ganger ei utfordring både å få til øving, og å datofeste arrangement. Arbeidsstaden var havet og arbeidsdagen var lang. " Det er veldig vanskeleg. Vi kan vere på sjøna og vi kan vere på landa", var ofte svaret som blei gitt når ting skulle planleggast. Sildefiska og torskefiska var sesongbetonte, og i desse periodane var det håplaust å få til korpsdrift. Det var og lettast å få til øving når veret var så dårleg at ikkje båtane kom seg på sjøen. Tidleg på 60 talet når sildefiska svikta gjekk ein inn på å halde heilårsøving i TPM.

## Øvingsdag og kommunikasjon

Fram til slutten av 1980 åra var det ikkje uvanleg at øvingane var søn-

dag føremiddag kl 09.30. Mange av dei mest religiøse likte nok ikkje at det var musikkøving i "preiketida", som den gang var frå klokka 11 til 12.30. Før 1950 åra var det nesten ingen som hadde telefon, og det er ikkje lett å forestille seg korleis dei fekk gitt beskjed om øvingane. Opptredenar var helst på 17. mai og juletreffestar, så det var framfor desse tilstelningane at det blei øvd. Før bilen blei eit meir vanleg folke-eige måtte folk gå eller sykle på øving i all slags ver.

## Gravdal øvingsstad

Det var i skulen i Torskangerpoll ein hadde både øving og opptredenar heilt fram til 1960 då Våge-Oppedal skule blei bygd. TPM overtok då gamleskulen og heldt fram med øvingane her. Basar og juletreffest blei likevel halde i Gravdal i mange år før desse arrangementa blei flytta til Vågsvåg.

## Gå i kolbingen

Eit lite rom i kjellaren i Gravdal på motsatt side av toaletta er "kolbingen". Det er eigentleg berre ei stor skapdør som fører inn til rommet. Kvar haust kom Ulvestad frå Måløy med den vesle lastebilen sin full av kol som blei lempa inn gjennom ei luke i veggjen på oppsida. Kol nok til fyring oppe og nede heile vinteren. Elektrisk oppvarming var det skralt med på den tida så det måtte fyrast med kol. Kvar gong det var arrangement gjorde kolbingen si ekstra nytte. Her tok dei som var "tyste" seg ein tur inn, som regel minst to i lag. Dei kom ut att frå kolbingen både glade og lykkelege, og nervøsiteten for å spele var borte. Kolbingen var for mange ein kjærkomen plass sjølv om der mangla både vindu og elektrisk lys.

## Musikklag og misjonsforeiningar

Før i tida hadde mennene fiskarlag, skyttarlag og musikklag. Kvinnene gjekk i eit utal av misjonsforeiningar. Nokre av dei var indre sjømannsmisjonen, ytre sjømannsmisjonen, santalmisjonen, samemisjonen, indremisjonen, redningsforeininga m.fl.

## Gravdal nytt namn og ny avtale.

Det nye navnet Kvalheim kraft brukar er "grendahus for Torskangerpoll". Det blir no via grunneigarlaget gjeve ein fast årleg sum som er indeksregulert til vedlikehald og drift av bygningen. Det er gledeleg. Kvalheim kraft og

grunneigarlaget skal til gjengjeld kunne nytte bygget fritt som møte-lokale.

## Gravdal inn i sluttfasen

Prosjektgruppa for rehabilitering av gamleskulen har gjort ein formidabel innsats, og arbeidet går no inn i sluttfasen. 12. Juni er det planer om stor opningsfest. Utstillingsrom oppe, koseleg møte-lokale i kjellaren og lager på loftet blir resultatet. Det trengs enno litt hjelp, og styret i TPM oppmodar alle aktive som enno ikkje har vore med i år om å ta kontakt med Harald for å kunne bli bidragsytarar i prosjektet. Eit par timer på kvar er det som skal til for å komme i mål. Alle medlemmane i TPM er medeigarar i bygget. Det er og kjærkome andre som ikkje er med å spelar har høve å hjelpe med pussing, maling eller rydding. Det er berre å ta kontakt på tlf. 92460370.

## Annonse:

## Har du gamle foto?

Vi ber om at lesarar som har bilder av TPM når dei marsjerer eller opptrer å ta kontakt dersom det er mulig å få scanne slike bilder.

Det er inga hindring om bileta står i album.

Johan Wåge  
Tlf.  
91128027.

